

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep
0030 Oslo



Møre og Romsdal fylke



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200703378	29.6.2007	MR 22379/2007/	Toril Eliassen Rusten, 71 25 87 12	20.10.2007

Forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (BPA). Høyringsuttale.

Vi viser til brev frå Helse- og omsorgsdepartementet datert 29.6.2007. Møre og Romsdal eldreråd behandla saka i sitt møte 17. oktober 2007 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Eldrerådet vil gje følgjande uttale:

Målet må vere at alle som fyller vilkåra for å motta praktisk hjelp og opplæring, må få det.

Den forskjellsbehandling vi er vitne til i kommunane i dag, er heilt uakseptabel. Lovverket må vere så klårt og eintydig at alle funksjonshemma får oppfylt den retten dei har.

Kommunane må ha arbeidsgjeverrolla for tenestene, medan brukarar, hjelpeverge eller pårørande får arbeidsleiaransvaret. Brukar må bli teke med på råd når assistent skal tilsetjast.

All assistanse ut over 20 timar pr veke må dekkjast av statlege løvingar.

Det bør ikkje setjast noko aldersgrense oppad for brukarar.

Brukar må i størst mogleg grad få bruke ein og same assistent."

Med helsing

Rikard Olsvik (sign)
Eldrerådets leiar


Toril Eliassen Rusten
konsulent

Kopi:
Møre og Romsdal fylkesting
Møre og Romsdal fylke, helse- og sosialavdelinga